



Rådgjevar Torodd Fagerheim: Tungtvegande argument for utsetjing

**Kommunestyret i Kvinnherad bør avvise administrasjonen sitt framlegg om å leggja ned skular på ein slik måte det no er lagt opp til. Det meiner Landslaget for nærmiljøskolen, som på oppdrag frå FAU ved ei rekkje skular i kommunen har vurdert det omstridde framlegget til endringar i skulemønsteret.**

Begge partar har lagt til grunn at kommunen går fram på ein måte som er i strid med gjeldande lover og regelverk. LUFSS meiner at saka ikkje kan handsamast i kommunestyret no.

Det er FAU ved ei rekkje skular som har bede Landslaget for nærmiljøskolen (LUFS) om å sjå på skulesaka, og koma med ei fagleg vurdering. Landslaget konkluderer med ei oppmoding til politikarane om å stoppa handsaminga.

Både LUFS og FAU ved dei aktuelle skulane legg til grunn at kommunen no går fram på ein måte som er i strid med gjeldande lover og regelverk.

Dei peikar òg på at fastsetjing av skulestruktur er ein del av planprosessen knytt til kommunedelplanen om oppvekst/skule (Skulebruksplanen).

– Framlegg om nedleggjing av skular kan koma som eit eventuelt resultat av ein slik plan – men må då konsekvensutgreiast og handsamast som einskildsaker, påpeikar landslaget.

Dei meiner at dersom saka endar opp som ei klagesak, vil handsaminga bli avgjerande.

Landslaget tar i eit 10 sider langt brev for seg framgangsmåten Kvinnherad kommune har brukt i saka, og peikar på ei rekkje formelle feil i prosessen fram til no. Blant anna peikar LUFS på at då saka starta blei ho kunngjort på nettet, og ikkje gjennom eit høyringsbrev.

– Dette er uheldig og i strid med god forvaltningsskikk, skriv landslaget blant anna.

Det blir vidare peika på at heller ikkje høyringsutkastet – og saksutgreiinga til kommunestyret –gjev tydelege opplysningar om kva sak dette eigentleg er.

– Ut frå lovtilvisingane, kan det sjå ut til at kommunen er i ferd med å blanda saman to heilt ulike saksområde, som må haldast nøye frå kvarandre – fordi dei har sine særreigne prosedyrar, gjevne i lover og regelverk, skriv LUFS.

Både høyringsutkastet og saksutgreiinga til kommunestyret har ei rekkje feil, blir det påpeika i brevet frå LUFS, som meiner det er særleg kritikkverdig at administrasjonen ikkje har teke med viktige opplysningar i saksutgreiinga si.

– Den føreliggjande og svært omfangsrike skulesaka er skrømande fyrst og fremst fordi ho no vert kasta fram fullstendig lausriven frå kommunen sitt planarbeid, skriv Landslaget for nærmiljøskolen.

Etter deira syn kan ikkje saka handsamast i kommunestyret no, ut frå regelverket iforvaltingslova og kommunelova og omsynet til god forvaltningsskikk.

**Rådmannen kjem imidlertid ikkje til å trekkja saka på grunnlag av brevet. Rådgjevar Torodd Fagerheim i LUFS håper imidlertid at kommunestyret vil utsetja saka.**

**Han peikar på at 10 foreldreutval står bak og hvis ikkje det er tungtvegande nok for politikarane forstår han ikkje kva som skal til for å stoppa saka.**

**Av Kristian Hus**  
HusnesNett